

Saksnr 38/22	Utval Utval for plan og utvikling	Møtedato 01.09.2022
46/22	Kommunestyret	22.09.2022

STRATEGI FOR UTVIKLING AV INDRE LEIRVIK HAMN

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret tek framlegg til strategi for utvikling av indre Leirvik hamn til vitande. Kommunestyret vil vurdere vidare forprosjekt i samband med rullering av budsjett- og økonomiplanen.

Røysting

Samrøystes tilrådd.

Innstilling

Kommunestyret tek framlegg til strategi for utvikling av indre Leirvik hamn til vitande.

Kommunestyret vil vurdere vidare forprosjekt i samband med rullering av budsjett- og økonomiplanen.

Edgar Inge Damås

Framlegg frå Ap, Sp, Krf, H, Frp, Sv, Mdg, V og Raudt:

Kommunestyret tek strategi for utvikling av indre Leirvik hamn til vitande. Kommunestyret meiner strategien er eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av hamna. Kommunestyret bed rådmannen i samband med rullering av budsjett og økonomiplan leggja ein plan for gjennomføring av følgjande mindre tiltak som er i tråd med vedteken arealbruk:

- Trappa ned kaifront ned mot sjø inst i Evjo (innafor Notahaugskaien)
- Etablere båtdelering i samarbeid med BUA (kajakkutleige m.v.) utan at det går ut over talet gjesteplassar.
- Etablere ladestasjon for el-båt
- Omstrukturere bygningsmasse til Havnevesenet knytt til gjestehamna.
- Etablere park/loungeanlegg i område ved gjestehamna.
- Utarbeida heilskapleg plan for møblering, beplanting, lyssetting og materialitet langs strandpromenaden. Planen skal sjåast i samanheng med møbelprosjektet vedteke i byromsstrategien.

Kommunestyret vil vurdera eit forprosjekt på sjøbadanlegg og dei andre større tiltaka i strategien i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Røysting:

Fellesframlegg frå Ap, Sp, Krf, H, Frp, Sv, Mdg, V og Raudt vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret tek strategi for utvikling av indre Leirvik hamn til vitande.

Kommunestyret meiner strategien er eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av hamna.

Kommunestyret bed rådmannen i samband med rullering av budsjett og økonomiplan leggja ein plan for gjennomføring av følgjande mindre tiltak som er i tråd med vedteken arealbruk:

- Trappa ned kaifront ned mot sjø inst i Evjo (innafor Notahaugskaien)
- Etablere båtdelering i samarbeid med BUA (kajakkutleige m.v.) utan at det går ut over talet gjesteplassar.
- Etablere ladestasjon for el-båt
- Omstrukturere bygningsmasse til Havnevesenet knytt til gjestehamna.
- Etablere park/loungeanlegg i område ved gjestehamna.
- Utarbeida heilskapleg plan for møblering, beplanting, lyssetting og materialitet

langs strandpromenaden. Planen skal sjåast i samanheng med møbelprosjektet vedteke i byromsstrategien.

Kommunestyret vil vurdera eit forprosjekt på sjøbadanlegg og dei andre større tiltaka i strategien i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Rådmannen, 22.08.2022

Dokumentliste

I	21.01.2022	Berit Haga Vikanes	Invitasjon til deltaking i Ad hoc-utval: Strategi for utvikling av indre Leirvik hamn
I	26.01.2022	Knut J. Gram	Organisering av arbeidet med strategi for utvikling av Leirvik hamn
U	01.02.2022	Stord båtlag m.fl.	Oppnemning av éin felles representant frå frivillige lag med aktivitet i Leirvik hamn til deltaking i ad hoc-utval
U	01.02.2022	HH EIGEDOM AS m.fl.	Oppnemning av éin felles representant frå næringsdrivande i indre Leirvik hamn til deltaking i ad hoc-utval
I	09.02.2022	Bodil Bekkenes	SV: oppnemning av representant til ad hoc-utval for utarbeiding av strategi for utvikling av indre Leirvik hamn
I	10.02.2022	Leder RSRK Stord	SV: representant til ad hoc-utval for utarbeiding av strategi for Leirvik hamn
I	10.02.2022	Haldis Lauksund	Medlem i Ad-hoc utval strategi Leirvik hamn
I	02.02.2022	Haldis Lauksund	SV: Organisering av arbeidet med strategi for utvikling av Leirvik hamn
U	15.02.2022	Stord næringsråd	Oppnemning av representant til ad hoc-utval for utarbeiding av strategi for Leirvik hamn
I	15.02.2022	Stord Næringsråd	SV: Oppnemning av representant til ad hoc-utval for utarbeiding av strategi for Leirvik hamn
I	18.02.2022	Lekven, Stein Birger	Representant til ad hoc-utval, Leirvik hamn
X	18.02.2022	ORDFØRAR	oversyn ad hoc-utval
I	27.04.2022	Stord båtlag	Merknader til kommuneplanen sin samfunnsdel - Stord båtlag
S	03.08.2022		Strategi for utvikling av indre Leirvik hamn
N	10.08.2022	Lovise Vestbøstad	SV: Referat/oppsummering Ad-hoc utvalsmøte 23.03.22
X	10.08.2022		Referat/oppsummering Ad-hoc utvalsmøte 21.04.22
X	10.08.2022		Referat/oppsummering Ad-hoc utvalsmøte 19.05.22

Innleiing (bakgrunn for saka)

Då kommunestyret vedtok strategisk hamneplan for Stord kommune 2021-2030, vart det samstundes vedteke å utarbeide ein strategi for utvikling av indre Leirvik hamn. Kommunestyret gav fylgjande rammer for arbeidet, jf. politisk vedtak 22. juni 2021 PS 21/21:

2. Kommunestyret syner til hovudmålsetting 1 og 3 i den nye hamneplanen samt søknad frå Stord seilforeining om å etablera seg i Leirvik sentrum, og vedtek å setja ned eit ad hoc-utval for å utarbeida ein strategi for utvikling av indre Leirvik hamn med mål om:
 - Å utvikla Leirvik hamn til den føretrekte gjestehamna i Sunnhordland.
 - Å styrka attraktiviteten og bruken av hamna blant innbyggjarane på Stord.
 - Å leggja til rette for at unge kan oppleve sjø/båtliv.
 - Å leggja til rette for at eksterne aktørar innan maritime miljøtenester kan etablera seg.
 - Å leggja til rette for grøn omstilling.
 - Å sjå på muligheita for etablering av eit sjøbad-anlegg.

Kommunestyret meiner arbeidet skal organiserast etter mal frå arbeidet med byromsstrategien for Leirvik sentrum og bed rådmannen førebu ei sak med forslag til mandat og samansetting av utvalet.

Kommunestyret vil komma attende til finansiering i samband med andre budsjettrevisjon.

Framlegg til strategi for utvikling av indre Leirvik hamn er no utarbeidd, og vert lagt fram for politisk handsaming.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Utval for plan og utvikling (PUT)/ hamnestyret gav i møte 9. desember 2021, PS 66/21, fylgjande mandat for arbeidet med strategi for utvikling av indre Leirvik hamn:

Ad- hoc utvalet skal ha følgjande mandat:

1. Utarbeide framlegg til strategi for utvikling av indre hamn med bakgrunn i målsetjingane i kommunestyrevedtaket (sak 21/2021).
2. Utvalet må føreslå geografisk avgrensing av prosjektområdet.
3. Strategien skal byggje på innhaldet i vedteken hamneplan.
4. Strategien skal ta omsyn til andre prosjekt for sentrumsutvikling.
5. Strategien skal leggje til grunn kommunen sine folkehelsemål og vedtak om nullutslepp innan 2030.
6. Utvalet skal samarbeide med sekretær/konsulent oppnemnd av rådmannen.

PUT vedtok også samansetjinga av Ad-hoc utvalet, og det har bestått av fylgjande medlemmer:

Frå politisk nivå:

- Gaute Epland, Ordfører
- Jakob Bjelland/ Ingrid Jahn Jordåen, Sp/ Leiar utval for plan og utvikling
- Torbjørn Brosvik, KrF
- Sigbjørn Framnes, FrP
- Magne Bjelland, H

Stord næringsråd v/ Anne Grete Sandtorv

Ungdomsrådet v/ Inger Christin Hystad Barane og Karina Oma Cooper

Eldrerådet v/ Nils Tore Gram Økland

Representant for næringsdrivande: Gorm Holmedal

Representant for frivillige lag med aktivitet i området: Stord seilforening v/ John Bjordal

Rådmannen har vore representert v/ plansjef Lovise Vestbøstad og hamnesjef Inge Espenes. Desse har hatt møte og talerett.

Konsulent og sekretær for arbeidet har vore ABO plan og arkitektur v/ Karoline Eldøy og Berit Haga.

Ad-hoc utvalet (heretter kalla «arbeidsgruppa») har hatt 3 møte. Deltakarane i arbeidsgruppa har formidla synspunkta frå den gruppa dei representerer, og det har vore lagt vekt på å få fram dei ulike perspektiva i prosessen.

I lag med arbeidsgruppa har ABO utforma framlegg til ein strategi for utvikling og ei skisse for mogleg framdriftsplan i arbeidet med å realisera tiltaka i strategien. Dei har også gjeve si vurdering av om tiltaka krev handsaming etter plan- og bygningslova før realisering. Det er ikkje laga kostnadsoverslag for dei ulike tiltaka, eller vurdert andre konsekvensar.

Arbeidsgruppa har geografisk avgrensa området til å gå frå moloen til Leivik sjø. Det er i arbeidet valt ut to fokusområde: Evjo (med Skotabergkaien) og Teinevikjo/Moloen. I fokusområda er det detaljert ut forslag med tiltak som skal støtte opp under måla for strategiarbeidet.

Strategien er utarbeidd med utgangspunkt i tre tematiske hovudtema: materialitet og design, mobilitet og møteplassar. Det er tilrådd å knyte byromma (jf byromsstrategien) og hamna visuelt saman gjennom sams utforming og bruk av materialitet, design og beplantning.

Nokre hovudpunkt i framlegg til strategi for utvikling av indre Leirvik hamn er fylgjande:

- Ved Notahaugsbryggjo, Ventekaien og inst i Evjo skal det leggjast til rette for korttidsparkering for båtar. (Ventekaien og Sunnhordlandskaien er også inkludert i Byromsstrategien). Notahaugsbryggjo kan vere ein høveleg stad for restaurant/kafe med uteservering.
- Skotabergkaien er føreselege nytta til sjøbadanlegg samt flytebrygge for Stord seilforening
- Moloen er tenkt utvida i tråd med gjeldande reguleringsplan. Her er vidare planlagt utbygging av kai på begge sider; MS Sunnhordland får fast opphaldsstad på innsida av moloen. Ambulansebåten er også tenkt flytta ut hit. På moloen vert det parkområde og ulike aktivitetsområde/ attraksjonar.
- Ved gjestehamna er det tenkt å samle servicebygg og renovasjon i eine enden av området for å oppnå eit større areal ved gangvegen frå Hamnegata ned til kaifronten som kan opparbeidast til park og rekreasjonsstad
- Det er ynskje om å utvikle maritimt regionmuseum inst i Evjo. Dette krev samarbeid med private eigedomsaktørar
- Teinevikjo er tenkt utfylt i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Arealet er føreslått nytta til parkanlegg samt ny bygningsmasse for m.a. Stord Hamn. Eksisterande flytebryggjer er tenkt flytta tilsvarande ut.

Strategien er eit oversiktsdokument som gir eit heilskapleg og langsiktig bilete på korleis indre Leirvik hamn kan utviklast. Dei ulike tiltaka er ikkje ferdig utgreidd, men dokumentet skisserer kva for tiltak som kan gjennomførast på kort og lengre sikt.

Vurdering

Leirvik er i endring. Fleire store bustadprosjekt gjer at fleire bur i sentrum, og bygging av nye næringslokale og aktivitetsområde fører til at fleire besøker sentrum. Byromsstrategien var utarbeidd for å leggje ein strategi for utvikling av attraktive tilbod og rom mellom husa. Tilsvarande er det viktig å leggje ein strategi for utvikling av indre Leirvik hamn. Leirvik – Vikjo – har alltid vore orientert mot den gode og skjerma hamna som har vore sjølve livsnerva i utviklinga.

Innbyggjarar og ulike aktørar har ved ulike høve gjeve innspel om korleis dei ønskjer Leirvik skal vere. Framlagt strategi for utvikling av indre Leirvik hamn byggjer på innhaldet i mogleikstudien Veni-Vidi-Vikjo, strategisk hamneplan, innspelsrapport frå tidlegare nærmiljøprosjekt, byromsstrategien m.m. Arbeidsgruppa for strategiarbeidet har vore breitt samansett, og framlegget til strategi synest å svare ut målsetjinga med arbeidet slik kommunestyret har definert dette.

Rådmannen meiner strategien legg opp til ei utvikling av indre Leirvik hamn som vil vere med å skape attraktivitet til heile sentrums- og byutviklinga av Leirvik. Rådmannen meiner likevel at slik strategien er lagt fram, og slik prosessen har vore for utarbeiding av strategien, så har medverknaden vore mangelfull og strategien er for lite utgreidd og opplyst til å kunne fatte endeleg avgjerd i denne saka. Dette er knytt til tre hovudpunkt:

1. Endring av arealbruk – manglande medverknad

Strategien legg opp til omfattande endringar i arealbruk på både land og sjø; arealbruk som ikkje er i samsvar med gjeldande planverk. Plan- og bygningslova set krav til både saksprosess, medverknad og offentleg ettersyn for å endre arealbruk. Desse prosessane er kanskje endå meir viktige i eit allment interesseområde som hamneområdet i Leirvik sentrum. Konsekvensane av tiltaka og endra arealbruk er ikkje utgreidde. Alle naboar og andre med interesse i/ved areala har ikkje fått uttala seg, noko dei etter lovverket har krav på å få. Dersom eit vedtak av strategien inneber at kommunestyret legg til grunn at enkelttiltak skal gjennomførast i samsvar med vedteken strategi, vil vedtaket vere å sjå på som eit enkeltvedtak, og forvaltningslova sine krav til opplysningsplikt trer inn, jf. Fvl §17.

2. Økonomiske konsekvensar

Det er eit lovkrav etter hamne- og farvasslova at kommunen skal halde inntekter og kapital i hamneverksemnda «rekneskapsmessig adskilt fra kommunens øvrige virksomhet» (jf. Lov om havner og farvann, §32, 2. ledd). I strategien vert hamneareal på land og i sjø gjeve anna føremål og bruk utan at dei økonomiske konsekvensane for korkje hamnekassa eller kommunen er utgreidde. Strategien viser at ved utfylling med utbygging av nytt kaiareal på/ved moloen, vil Stord hamn kunne behalde nokonlunde same tal meter kai som i dag, men kostnaden ved opparbeiding av nytt kaiareal er ikkje utgreidd. I vedtaket frå budsjettrevisjonen juni 2022 godkjende kommunestyret makebyte med Stord hamn som kompensasjon for Kiskaaien. Kommunestyret sa at areal knytt til sjø skal ha lik verdi, og rådmannen fekk i oppdrag å kome tilbake med sak til kommunestyret om saka, jf. vedtak i sak PS 32/22. Rådmannen legg opp til at dei ulike hamneareala må handsamast likt.

Arbeidsgruppa har ikkje fått kostnadsrekna kva det vil koste å gjennomføre strategien. Ingen av dei skisserte tiltaka er kalkulererte. Rådmannen har derfor ikkje grunnlag for å vurdere dei økonomisk kostnad for gjennomføring av strategien.

3. Vurdering av tryggleiks- og beredskapsmessige omsyn etter hamne- og farvasslova for enkelttiltak og for heile hamnebassenget

Strategien legg opp til endra arealbruk i det som i dag er regulert til trafikkområde i sjø/hamneområde i sjø. Det er trong for å vurdere dei ulike tiltaka etter hamne- og farvasslova. Rådmannen meiner også det er trong for å gjere ei samla vurdering av dei samla konsekvensane i hamnebassenget for alle planlagde tiltak i indre Leirvik hamn.

Konklusjon

Rådmannen meiner at strategien ikkje er tilstrekkeleg konsekvensvurdert og utgreidd til at det er mogleg å gjere endeleg vedtak i saka. Rådmannen meiner likevel at strategien gir eit spennande grunnlag for vidare utvikling av Stord som by og eit sentrum og hamneområde som byggjer attraktivitet og gode møteplassar. Rådmannen tilrår at strategien vert teken til vitande.

Plan for gjennomføring

Plan for gjennomføring av enkelte tiltak i strategien kan vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan. Dette gjeld tiltak som er i samsvar med vedteken arealbruk.

Dersom kommunestyret ynskjer å gjennomføre strategien, bør det først gjerast eit utgreiingsarbeid (forprosjekt) som ser på dei økonomiske konsekvensane. Tiltaka bør kalkulerast, og konsekvensane for Stord hamn/ kommunen utgreiast, jf. Pkt. 2 i vurderingane over. Neste steg vil vere å avklare arealbruken gjennom ein planprosess etter plan- og bygningslova.